



SELJE KOMMUNE
Administrasjonsutvalet

Møtebok

Møtedato: 12.01.2011

Møtetid: Kl. 12:00 – 13:10

Møtested: Kommunehuset

Saksnr.: 001/11 - 003/11

Følgjande medlemmer møtte

FRP: Marita G. Aarvik, Svein Hansen. Uavhengig gruppe: Eli Eide Årevik.
KRF: Gunn V. Helgesen. SP: Ingmar Solvåg.
Fagforb.: Oddrun Hjelle, Sissel Solheim.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Uavhengig gruppe: Ottar Nygård. Forfall ikkje meldt.
H: Nils-Per Sjøstad. Forfall var meldt.
Utd.forb.: Jon Drage Forfall var meldt.

Følgjande varamedlemmer møtte

H: Gry Otneim Leikanger
Utd.forb. : Sigbjørn Hjelle

Følgjande frå administrasjonen møtte

Rådmann Reidar Sandviknes. Personalkonsulent Margunn Myklebost, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

9 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
001/11	Godkjenning av møtebok
002/11	Referatsaker
003/11	Endring av stillingsheimel frå hjelpepleier til sjukepleier

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	12.01.2011	001/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/3
---	----------------------	---------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 18.08.10 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 12.01.2011

9 voterande

ADM-001/11 VEDTAK

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	12.01.2011	002/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/2
---	----------------------	---------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

1. Møteplan for 2011
2. Svar på søknader til Selje kommune – Innføring av automatisk svar

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 12.01.2011

9 voterande

Tilleggsreferat:

3. Delegasjonssak Adm.utvalet 01/11
4. Vedk. eldre arbeidstakarar/tilsette som treng tilrettelegging

ADM-002/11 VEDTAK

Referat 1: Møtedatoar for Adm.utvalet 2011 vert 04.04. – 25.08. – 02.11.

Referat 2: Administrasjonen må lage rutiner på at førebels svar på mottekne søknader på stillingar vert sendt ut etter at søknadsfristen er gått ut. Ansvar: Personalkonsulent.

Referat 3: Rådmann orienterte vedk. Del.sak Adm.utv. 01/11 – Omplassing av stilling etter AML § 4.6. Til orientering: Svein Hansen gjekk frå som inhabil under dette pkt..

Referat 4: Lage sak for Arbeidsmiljøutvalet vedk. eldre arbeidstakarar/tilsette som treng

tilrettelegging. Ansvar: Personalkonsulent / leiar AMU Gunn V. Helgesen.
Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	12.01.2011	003/11

Sakshandsamar Margunn Åhjem Myklebost	Arkiv FA-H12, TI-&20	Arkivsak 09/825
--	-------------------------	--------------------

Endring av stillingsheimel frå hjelpepleier til sjukepleier

Vedlegg

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
22.12.2010	Prosjekt - Ny organisering av Seljetunet og sjukepleietenesta ved Seljetunet og heimetenesta	22415

Saka gjeld

Endring av stillingsheimel på Seljetunet frå hjelpepleier til sjukepleier i 50%.

Opplysningar til saka

St.id. 420.58, 50% hjelpepleierstilling vart ledig frå 01.01.2011.

Seljetunet har i mange år hatt for lite sjukepleieressursar. Dette har ført til at ein har leigt inn sjukepleiarar frå vikarbyrå i mange år.

Selje kommune har ikkje nok sjukepleiarar til å dekke vakter ved sjukdom, permisjonar og ved ferieavvikling. Ein ynskjer difor å omnormere den ledige hjelpepleierstillinga til ei sjukepleiestilling.

Lover/regelverk

Hovedtariffavtalen, arbeidsmiljølova.

Sakshandsamar si vurdering

Sak "Prosjekt – ny organisering av Seljetunet og sjukepleietenesta ved Seljetunet og heimetenesta" vart vedteke i kommunestyret i sak 79/2010 den 20.12.10 av kommunestyret.

Mål ved dette prosjektet er :

- auke den faglege kompetansen i møte med noverande og framtidige utfordringar
- ha nok sjukepleiarar i kommunen for å unngå å leige inn frå vikarbyrå ved sjukdom/ferier/permisjonar.

- ynskje om å ha ein sjukepleier på vakt i kvar etasje på Seljetunet, også på kveldsvakter, for å fremje god kompetanse og leiing i avdelingane.

Konklusjon

Med bakgrunn i dei faglege vurderingane som ligg føre blir stillingsheimel 420.58 omnormert frå hjelpepleier til sjukepleier . Stillingsstorleik er 50% og blir gjort gjeldande frå 01.02.11.

Saksgang

Administrasjonsutvalet har uttalerett i saka
Kommunestyret gjer vedtak i saka

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Stillingsid. 420.58 vert omnormert frå hjelpepleier til sjukepleier. Stillingsstorleik er 50%.
Endringa gjeld frå 01.02.2011.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 12.01.2011

9 voterande

Merknad: Vedlegg i saka låg ikkje ved innkallinga.

Uttale frå Administrasjonsutvalet: Samrøystes for tilrådinga frå administrasjonen.

ADM-003/11 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen

